



## Sortering av avfall i burettslag, sameige og tettbygde område

Felles avfallsutstyr gir estetiske nærmiljø. De kan velge mellom fleire typar renovasjonsutstyr.



# Praktisk utstyr gjer det enkelt å sortere avfallet

Meir sortering gir behov for å vurdere kva renovasjonsutstyr som fungerer best. Utstyret må vere praktisk både for dykk som bur der og renovatørane som skal hente avfallet. Det skal også sjå ryddig og ordentleg ut. I mange tilfelle er det ein god idè at fleire deler på felles utstyr. Dette tek mindre plass og er meir estetisk i nærområdet. Det finst ulike gode løysingar – her kan du lese om dei mest vanlege.



## Viktig å vite:

- Utstyret må stå slik at det er lett å bruke og lett å tømme.
- Med lite areal til ordinære dunkar kan avfallsbrønner eller bakkekonteinarar vere ei god løysing. Gjer avtale med ÅRIM.
- Burettslag med liten plass til avfall kan vurdere å gå saman med nærliggjande burettslag. Nokre stader er det også nødvendig å involvere kommunen.





# Avfallsbrønn



Avfallsbrønner ved Mostein-bygg på Moa.

Ta kontakt med ÅRIM dersom de vurderer avfallsbrønner. Det er viktig å avklare behov for dimensjonering og kjøp av riktig type utstyr.

I område med meir enn trettifem husstandar kan nedgravde avfallsløysingar vere ei god løysing. Avfallet er plassert under bakken i staden for i boder eller avfallsrom.

## Avfallsbrønner har fleire fordelar

- Avfallsbrønner tek mindre plass og er meir estetisk enn dunkar.
- Avfallsbrønner gir betre brannsikkerheit enn avfall plassert i avfallsrom og ved oppgangar.
- Dei treng sjeldnare tømning, noko som gir mindre trafikk med renovasjonsbil.
- Avfallsbrønnerne er å få i fleire ulike storleikar.

## Søk om støtte til avfallsbrønner

ÅRIM ønskjer at fleire skal gå over frå dunkar til avfallsbrønner. Vi gir rettleiing og råd til folk som vurderer slike avfallsløysingar, både i eksisterande og nye anlegg.

- Eksisterande sameige og burettslag kan søke om å få støtte frå ÅRIM til etablering av nedgravde avfallsløysingar.
- For å få støtte til avfallsbrønner må de ha avtale om dette med ÅRIM, og type brønn må vere godkjent.
- Ved kjøp av brønner kan ÅRIM gi eit tilskot på inntil ein tredjedel av innkjøpskostnaden, avgrensa til maksimalt 20 000 kr per brønn.
- Tilskotet blir utbetalt etterskotsvis.

# Bakkekonteinarar gir ryddige uteområde

I område med knapp plass kan bakkekonteinarar vere eit godt alternativ. Konteinarane kan stå på opne plassar, parkeringsplassar eller grøntareal. Dei vil da erstatte dunkane folk normalt har ved husa sine. Konteinarane kan plasserast på rekke eller oppdelt. Fordelen med å gå over til felles konteinarar er at husstandane får avfallsdunkane bort frå huset, og de treng ikkje tenke på kva dagar ÅRIM hentar avfallet.

## Standard kombinasjon av bakkekonteinarar er:

2,6 m<sup>3</sup> glas og metall, 4,6 m<sup>3</sup> plast, 4,6 m<sup>3</sup> papir, 2,6 m<sup>3</sup> matavfall og 4,6 m<sup>3</sup> med restavfall. Ein kan også velge andre kombinasjonar.



## GLAS OG METALL

Tilgjengelege volum:

**2,6 m<sup>3</sup>** B:122cm x D:151 cm x H:165 cm

**3,3 m<sup>3</sup>** B:151cm x D:151 cm x H:165 cm

Innkaståpning: Ø 200 mm

## MATAV FALL, PAPP OG PAPIR, PLASTEMBALLASJE OG RESTAVFALL

Tilgjengelege volum:

**2,6 m<sup>3</sup>** B:122cm x D:151 cm x H:165 cm

**3,3 m<sup>3</sup>** B:151cm x D:151 cm x H:165 cm

**4,6 m<sup>3</sup>** B:212cm x D:151 cm x H:165 cm

Innkaståpning: Ø 310 mm

## Viktig å vite om:

- Det må vere rundt 25-30 husstandar for at ÅRIM skal kunne tilby ei slik løysing.
- Avstand til køyrbar veg bør ikkje vere meir enn tre meter.
- Fri høgde over utstyret bør vere minst ni meter på grunn av tømning.
- Utstyret bør stå der folk naturleg ferdast forbi.
- Grunneigar må godkjenne plassering av bakkekonteinarane.
- Konteinarane må ikkje stå slik at dei hindrar trafikk og ferdsel.
- Husstandar som er med på ordninga må levere alt avfallet sitt til bakkekonteinarane.

# Fornuftig å dele dunkar

At fleire bruker felles dunkar er ei enkel og praktisk løysing både i byggefelt, burettslag og sameige. I byggefelt vil det bli ryddigare med færre dunkar i området. Det er også ein fordel at ÅRIM har færre stopp med renovasjonsbilen, noko som gir mindre tungtrafikk. Mange stader der folk bur tett, er det heilt naturleg å dele dunkar enten i avfallsrom eller uteområde. Her er det viktig å finne ei god plassering, som legg til rette for kjeldesortering.

## Viktig å vite om:

- Volum på dunkane må vere tilpassa kor mange som leverer avfall.
- Brukarane har eit felles ansvar for riktig sortering, reinhald og bruk.
- Dunkane må stå plassert slik at dei er godt tilgjengelege for dei som bruker dei.

**Dunkar må vere trilla fram for renovatør før kl seks på hentedag. Det er difor viktig at dunkane er enkle å trille inn og ut. Det er ofte fint å plassere dunkane i boder eller stativ. Her er nokre døme på korleis dette kan gjerast.**



Naboar som vil dele utstyr, samlar dunkane på felles oppstillingsplass. Her er eksempel på samlestativ med tre veggar, tak og golv.



To- og firemannsboligar som samarbeider kan for eksempel plassere alt avfallet i ei felles utebod under tak.



Burettslag og sameige har ofte avfallet plassert i innandørs avfallsboder. Her kan sekkar til plastemballasje ligge på hyller. God plaatsortering gir mindre behov for restavfallsdunkar.

# Kor stor plass tek dunkane?

Ved planlegging av plassering bereknar de plass til dunkar for fire avfallstypar. Plassen dette tek, avheng av kor stort abonnement de har. Eit standardabonnement med fire små dunkar treng i overkant av to meters breidde. ÅRIM vil gi rettleiing for å finne passeleg stort abonnement for samarbeidet.



**140L**

Utvendig mål (cm):  
H: 106 x B: 46 x D: 54,5



**240 liter**

Utvendig mål (cm):  
H: 106 x B: 57,7 x D: 72



**360 liter**

Utvendig mål (cm):  
H: 108 x B: 58 x D: 87,5



**400 liter**

Utvendig mål (cm):  
H: 110,5 x B: 92 x D: 72



**660 liter**

Utvendig mål (cm):  
H: 119 x B: 136 X D: 78

**ÅRIM har ulike typar dunkar. Måla er rettleiande.**

**Restavfall og papir:** 140, 240, 360 og 660 liter   **Glas og metall:** 140, 240 og 660 liter.   **Mat:** 140 og 400 liter



## Glas og metallbeholdar

Dei fleste abonnentar bruker dunkar til glas og metall. I nokre tilfelle kan vi også tilby ein større behaldar. Dette er mest aktuelt i større burettslag og sameige.

Utvendig mål (cm):  
H: 152 x B: 167 x D: 157

## Alt du sorterer blir til noko nytt

ÅRIM har innført ny kjeldesorteringsordning som startar hausten 2017. Den første kommunen får ny ordning i 2017. Øvrige kommunar startar i 2018 og 2019.

**Alle innbyggjarar i Ålesundregionen skal no sortere:**



**PAPP OG PAPIR**  
Kvar fjerde veke



**PLASTEMBALLASJE**  
Kvar fjerde veke



**RESTAVFALL**  
Annakvar veke

**Nytt tilbud!**



**MATAVFALL**  
Annakvar veke

**Nytt tilbud!**



**GLAS- OG METALL**  
Kvar tiande veke

## Næringskundar

Bedrifter, institusjonar, skular og barnehagar som har avtale med ÅRIM leverer avfall på ordinær henterute. Næringsaktørar vel kva avfallstyper dei vil ha avtale om med ÅRIM. Ta kontakt dersom du har spørsmål eller ønskjer å inngå avtale.



# Idéar til dunkstativ

## Viktig å tenke på:

- Det må vere enkelt å trille dunkar inn og ut.
- Unngå høge kantar. Det er vanskeleg å trille dunkar over desse.
- Der bør vere litt rom for endringar, det kan bli behov for fleire eller færre dunkar dersom avfallsmengdene dykkar endrar seg.
- Det er fornuftig å bygge husa i trykkimpregnert material for lang haldbarheit. Bruk rustfrie festemiddel.
- Unngå store flater som samlar vatn. Med skrå flater renn vatnet av.
- Plasser bodene og stativa så nær renovasjonsruta som mogleg.



# Eg lurar på...

## Informasjon om sortering

ÅRIM har sorteringsinformasjon som de kan printe ut og henge opp. Dette ligg på nettsida til ÅRIM.

## Sorteringsutstyr inne

For å få til god kjeldesortering ute må ein også ha godt kjeldesorteringsutstyr inne. Det finst fleire typar sorteringsutstyr å få kjøpt. Ta kontakt med ÅRIM dersom du ønskjer gratis esker eller posar til sortering.

## Kva slags utstyr passar hos oss?

Vi må vurdere det enkelte tilfelle for å finne ut kva renovasjonsutstyr som er aktuelt å bruke. Vi har ein servicemann som kan komme på befarung.

## Behov for å endre abonnementet

Dersom de har feil dunkar til avfallsmengdene de har i dag, kan de ta kontakt med oss for å justere dette.

## Miljøstasjonskort i burettslag og sameige

Alle som har eit renovasjonsabonnement hos ÅRIM har også fått eit miljøstasjonskort. I burettslag og sameige er det den som får fakturaen, som også får kortet. Dette er ofte styreleiar.

## Tvillingkort

Dersom de har behov for fleire miljøstasjonskort, er dette mulig å bestille.



## Har du spørsmål eller tilbakemeldingar?

Besøk oss gjerne på Moa i første etasje i Daaegården, nær busstasjonen og Moa.

**Kontakt:** 70 31 41 00 [post@arim.no](mailto:post@arim.no) / Miljøsekskapet ÅRIM på Facebook

